



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



SFE



FLORA KOMMUNE



## No startar anleggsarbeidet på Brandsøyvegen

I november/ desember 2014 blir det anleggsoppstart på Brandsøyvegen Fv. 548 i Florø. Då startar bygginga av nytt fortau langs nordsida av vegen. Det neste året vil det bli endringar i køyremønsteret til dei som bur og ferdast i området, men resultatet skal bli ein sikker og god veg for alle trafikantar. Noko som i første rekke er målet med dette prosjektet.

Det andre er at SFE får sikra straumforsyninga i Florø ved å legge ned ny straumkabel for framtidig hovudforsyning til Florø. Vidare får Flora kommune oppgradert sine VA anlegg og samla alt utslepp langs vegstrekka, noko som er eit positivt miljøretta tiltak.

Vegprosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom SFE, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Flora kommune.

Arbeidet på Brandsøyvegen skal skje i tre fasar. Første fase startar ved vegkrysset til Nybøvegen. Vegopning er forventa vinteren 2015/ 2016, med ferdigstilling av prosjektet våren 2016.


## Stenger Brandsøyvegen

Den 17. november 2014 blir Brandsøyvegen Fv. 548 stengt for gjennomkøring mellom vegkryss til Nybøvegen/ Brandsøyvegen og veikryss til Krokavegen mot Solheim.

Vegen vil vere stengt for gjennomkøring i heile anleggsperioden, medan køyring til eigendomar vert mogleg det meste av tida. All gjennomgangstrafikk skal gå via Botnaholten og/eller RV5 og Brandsøy. Omkjøring og stenging vert skilta.

Krokavegen vert stengt for gjennomkøring som i dag. Gåande og syklande skal nytte Krokavegen.

På grunn av naudsynt tilkomst for naudetatar blir det skilta "parkering forbode" langs Krokavegen i anleggsperioden.



- Stengt for gjennomkøring.
- Stengt for gjennomkøring, anbefalt veg for gåande og syklande.
- Alternativ omkjøringsveg. Bjørndalsvegen er kun omkjøringsveg for køyrety under 3,5 tonn, med unntak av buss.

Tal 1,2 og 3 indikerar byggetrinn.

### **Endra køyremønster**

For dei som bur i området langs Brandsøyvegen eller har tilkomst til eigedomar der, vil det bli endra køyremønster i løpet av anleggsperioden. Dette vert varsla gjennom skilting og SMS.

Under anleggsperioden vil det bli tillete innkøyring via Krokavegen kun for dei som bur i området. Vidare vil det under heile anleggsperioden bli tilgang til Furuholmen båtanlegg og Krokane camping.

### **Kollektivtransport**

I anleggsperioden blir bussrutene i Florø midlertidig endra. Dette gjeld spesielt for alle bussrutene som normalt køyrer via Brandsøy/Solheim. Firda billag har utarbeidd eige rutoppsett for anleggsperioden, som ein finn på:

<http://www.firda-billag.no/>

<https://www.flora.kommune.no/>

Bussrute-endingane blir og annonsert i lokal-avisa.

### Kontaktpersonar for vegprosjektet:

Prosjektleder Arild Steindal

Tlf.: 577 46 160

Mob.: 906 55 954

e-post: [arild.steindal@sfe.no](mailto:arild.steindal@sfe.no)

### **Omfang**

Det byr på ekstra utfordringar å byggje veg i bymiljø. I tillegg til nytt fortau, ligg også fornying av teknisk infrastruktur (høg/lågspenkablar, VA- anlegg samt tele) inne i prosjektet. Eigar av det einskilde anlegget vil informere særskilt til sine abonnentar i høve tilkopling til nytt anlegg.

Prosjektet vil på beste måte forsøke å minske eventuelle ulempe som naboane til Brandsøyvegen vil ha under anleggsarbeidet, men det vil uansett bli noko støv og støy som ikkje er til å unngå.

### **Arbeidstid 07:00 – 19:00**

I kontrakt med entreprenør er arbeidstida sett til klokka 07:00 – 19:00. Arbeid utover dette skal varslast i god tid.

Det kan bli naudsynt med noko arbeid på natta, dette gjeld oppgåver som vil vere til belastning for innbyggjarane dersom det vert utført på dagtid, som til dømes stenging av vassleidningar.

Byggjeleder Hilmar Eliasson

Tlf.: 966 27 988

e-post: [hie@investconsult.no](mailto:hie@investconsult.no)